



MØTEPROTOKOLL

Utval: Forvaltningsutvalet
Møtestad: Voldsfjorden, Rådhuset
Dato: 24.10.2017
Tid: 13:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Magnar Sunde	Leiar	AP
Øyvind Festø	Nestleiar	MDG
Margrete Trovåg	Medlem	AP
Åshild Vik	Medlem	SV
Erlend Koppen	Medlem	KRF
Magny Astrid Fylling	Medlem	KRF
Sindre Kvangarsnes	Medlem	FRP

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Lina Marie Bjørkedal	Medlem	SP
Sindre Rotevatn	Medlem	H

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Hans Peter Eidseflot	Lina Marie Bjørkedal	SP
Petter Espe	Sindre Rotevatn	H

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Jørgen Vestgarden	Utviklingsjef
Ingvild Kalvatn	Sakshandsamar
Per Heltne	Fagansvarleg plan
Jørgen Amdam	Ordførar
Edvin Løfoll	Sakshandsamar/ingeniør
Børild Skåra	Rådgjevar Landbrukskontoret Ørsta Volda



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 69/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 70/17	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
OS 13/17	Orienteringssak Orientering frå Kommunalteknisk avdeling - Kårstadvegen/Røystunvegen
PS 71/17	Gbr 30/261 - dispensasjon - utbygging - Bøen 2. Klage over vedtak i forvaltningsutvalet sak 64/17
PS 72/17	Gbr 10/2 Deling av eigedom - dispensasjon frå kommuneplan
PS 73/17	Oppføring av reiskapshus og etablering av avkjørsel
PS 74/17	Fagrapport kjerneområde landbruk for Volda kommune
PS 75/17	Orienteringssaker
OS 14/17	Orienteringssaker E-byggsak - digitalisering av enkel byggesakshandsaming

PS 69/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Det var ni møtande ved møtestart.

Innkalling:

Leiar Magnar Sunde informerte om eit vedlegg som høyre til sak PS 73/17 var publisert på lesebretta 24.10.17 og delt ut i møtet.

Leiar Magnar Sunde ber om at OS 13/17 blir flytta opp på sakskartet til etter PS 70/17.

Petter Espe stilte spørsmål om rundkjøringa ved nye Voldatunellen på Heltne kjem på høyring til forvaltningsutvalet. Ordførar Jørgen Amdam svarte at rundkjøringa er avgjort i kommuneldelplanen, men at det no er mogleg å uttale seg i høve med reguleringsplanen ved Voldatunellen.



VOLDA KOMMUNE

Øyvind Festø ber om at «E-byggesak – digitalisering av enkel byggesakshandsaming» blir sett på sakslista.

Røysting:

Innkalling og saksliste, med vedlegg til PS 73/17, flytting av OS 13/17 og ny orienteringssak frå Festø vart samrøystes godkjent.

PS 70/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Røysting:

Møteprotokoll frå førre møte 19.09.17 vart samrøystes godkjent.

Orienteringssaker

OS 13/17 Orientering frå Kommunalteknisk avdeling - Kårstadvegen/Røystunvegen

Handsaming:

Kommunalteknisk avdeling ved Edvin Løfoll orienterte om situasjonen ved krysset Kårstadvegen/Røystunvegen.

Forvaltningsutvalet kom med merknadar og ønske om at det blir satt opp skilt som viser «farleg vegkryss» for å gjøre bilistar observante på at der er det høgreregelen som gjeld.

PS 71/17 Gbr 30/261 - dispensasjon - utbygging - Bøen 2. Klage over vedtak i forvaltningsutvalet sak 64/17

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsutvalet finn ikkje at det i klaga kjem fram nye moment som ikkje var kjende for utvalet, og vurderte ved handsaming av sak 64/17, og som gir grunn til endra haldning til saka.

Forvaltningsutvalet held fast på vedtak i sak 64/17.

Handsaming:

Sindre Kvangarsnes kom med følgjande framlegg:

Forslag til vedtak;

Vilkåra for dispensasjon etter pbl § 19-2 er oppfylt. Søknad om dispensasjon frå plankrav på Gnr. 30 Bnr. 261 vert innvilga.

Begrunning



VOLDA KOMMUNE

Forvaltningsutvalet meiner at usikkerheit knytta til vidare arealbruk på Gnr. 30 Bnr. 2 og 7 mfl. Ikkje vil påvirket kommunens vurdering av om dispensasjonssøknaden skal innvilgast. Relatert til dette, vil ikkje usikkerhet knytta til dei nevnte eiendommers arealbruk påvirke søknaden som er inngitt av Bergen Bolig AS. Årsaka er at søknaden gjelder bygging av en ekstra etasje på en eksisterende enebolig som ligger i et boligområde. Videre vil ikkje en reguleringsplan få konsekvenser for Gnr. 30 Bnr. 261 relatert til veien forbi området. I denne forbindelse vises det til at byggets arealbruk på Gnr. 30 Bnr. 261 ikkje vil endres ved at det bygges en ekstra etasje på eneboligen. En reguleringsplan vil dermed ikkje medføre at kommunens vurdering av tiltaket vert annaleis..

Relatert til naboenes innsigelser, kunne innsigelse knyttet til trafikk også vært gjort gjeldende sjølv om det hadde vore en reguleringsplan for området.

Det er nyleg gjidd tillatelese til utbygging av naboeigedom Gnr. 30 Bnr. 243 uten krav om reguleringsplan. Dette tiltaket hadde tilsvarende inngripen som det omsøkte.

Likheitsprinsippet i forvaltningsretten tilseier dermed at dispensasjonssøknaden til Bergen Bolig AS bør innvilgast.

Med bakgrunn i de overnevnte forhold, og at sannsynligheita for at ein ny arealplan for Volda kommune vil endre drastisk arealbruken i det nemde området, vil ikkje ei områderegulering ha betydning for Volda kommune sin vurdering av tiltaket da en reguleringsplan ikke vil påvirke vurderingen av byggesøknaden.

Utifrå dei nemde forhold vil tiltaket ha ei klar overvekt av fordelar vurdert opp mot dei ulempene tiltaket vil påføre naboar.

Røysting:

Det vart røysta alternativt mellom administrasjonen si tilråding og Sindre Kvangarsnes sitt framlegg.

Administrasjonen si tilråding fekk 8 røyster, medan Sindre Kvangarsnes røysta for sitt framlegg.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 24.10.2017:

Forvaltningsutvalet finn ikkje at det i klaga kjem fram nye moment som ikkje var kjende for utvalet, og vurderte ved handsaming av sak 64/17, og som gir grunn til endra haldning til saka.

Forvaltningsutvalet held fast på vedtak i sak 64/17.



VOLDA KOMMUNE

PS 72/17 Gbr 10/2 Deling av eigedom - dispensasjon frå kommuneplan

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Forvaltningsutvalet viser til gjeldande kommuneplan, der den aktuelle eigedomen er lagt ut til LNF- sone B med høve til spreidd bustadutbygging. Ut frå dette og positiv avklaring gjennom høyring finn Forvaltningsutvalet å kunne gje dispensasjon frå plankrav i kommuneplan for deling som omsøkt.*
- 2. Forvaltningsutvalet gir med heimel i jordlova §§ 9 og 12 løyve til omdisponering av 0,5 daa og frådeling av 1,0 daa som omsøkt.*
- 3. Forvaltningsutvalet viser til uttale frå Mattilsynet og føreset at reglane i drikkevassforskrifta vert ivareteke gjennom registrering og at drikkevasskvaliteten blir regelmessig kontrollert, og stettar krava i drikkevassforskrifta.*

Handsaming:

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 24.10.2017:

- 1. Forvaltningsutvalet viser til gjeldande kommuneplan, der den aktuelle eigedomen er lagt ut til LNF- sone B med høve til spreidd bustadutbygging. Ut frå dette og positiv avklaring gjennom høyring finn Forvaltningsutvalet å kunne gje dispensasjon frå plankrav i kommuneplan for deling som omsøkt.*
- 2. Forvaltningsutvalet gir med heimel i jordlova §§ 9 og 12 løyve til omdisponering av 0,5 daa og frådeling av 1,0 daa som omsøkt.*
- 3. Forvaltningsutvalet viser til uttale frå Mattilsynet og føreset at reglane i drikkevassforskrifta vert ivareteke gjennom registrering og at drikkevasskvaliteten blir regelmessig kontrollert, og stettar krava i drikkevassforskrifta.*

PS 73/17 Oppføring av reiskapshus og etablering av avkjørsel

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsutvalet ser ikkje at det kjem frem nye moment i klaga som gjer grunn til endra haldning i saka og held soleis fast på vedtak 189/17, datert 29.08.2017.

Handsaming:

Eit vedlegg vart lagt til på lesebretta 24.10.17 og delt ut på møtet. Forvaltningsutvalet tok seg tid til å lese vedlegget.



VOLDA KOMMUNE

Hans Peter Eidseflot fremma følgjande:
Saka vert utsett og det vil verte synfaring på staden.

Røysting:

Det vart røysta over framlegget til Hans Peter Eidseflot.

Framlegget til Hans Peter Eidseflot vart vedteke 8 mot 1 røyst. Sindre Kvangarsnes røysta i mot.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 24.10.2017:

Saka vert utsett og det vil verte synfaring på staden.

PS 74/17 Fagrapport kjerneområde landbruk for Volda kommune

TILRÅDING TIL VEDTAK:

Forvaltningsutvalet tek fagrapporten Kjerneområde landbruk for Volda kommune, dagsett 17.10.2017, til vitande, og ber om at rapporten vert teke inn som faktagrunnlag i arbeidet med ny kommuneplan.

Handsaming:

Gildskap:

Hans Peter Eidseflot reiste spørsmål om gildskap då han ei medeigar på ei tomt omtalt i rapporten, jamfør fvl. §6, 1. ledd.

Han tok ikkje del under handsaminga og røystinga over spørsmålet om gildskap.

Forvaltningsutvalet (8 røysteføre) fann Hans Peter Eidseflot samrøystes gild.

Hans Peter Eidseflot kom med følgjande framlegg:

Forvaltningsutvalet ser positivt på at det vert utarbeidd ein fagrapport om kjerneområde for landbruk i Volda kommune. Rapporten er utarbeidd av eit avgrensa fagmiljø og har vore på ei svært avgrensa høyringsrunde, der det ikkje kom inn nokon uttalar. For å sikre størst mogleg tillit til rapporten, ber Forvaltningsutvalet om at rapporten vert send ut til dei grunneigarane dette vedkjem, grendautvala samt evt lokale faginstansar for uttale.

Røysting:

Det vart røysta alternativt mellom tilrådinga frå administrasjonen og Hans Peter Eidseflot sitt framlegg.

Hans Peter Eidseflot sitt framlegg vart samrøystes vedteken



VOLDA KOMMUNE

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 24.10.2017:

Forvaltningsutvalet ser positivt på at det vert utarbeidd ein fagrapport om kjerneområde for landbruk i Volda kommune. Rapporten er utarbeidd av eit avgrensa fagmiljø og har vore på ei svært avgrensa høyringsrunde, der det ikkje kom inn nokon uttalar. For å sikre størst mogleg tillit til rapporten, ber Forvaltningsutvalet om at rapporten vert send ut til dei grunneigarane dette vedkjem, grendautvala samt evt lokale faginstansar for uttale.

PS 75/17 Orienteringssaker

Orienteringssaker

OS 14/17 E-byggsak - digitalisering av enkel byggesakshandsaming

Handsaming:

Øyvind Festø spurte administrasjonen om E-byggsak, som er digitalisering av enkel byggesakshandsaming. Han spurte om det var noko som Volda kommune eller dei 7 kommunane i ytre har hørt om eller vurderar å nytte seg av dette.

Utviklingssjef Jørgen Vestgarden vil orientere på neste møte i forvaltningsutvalet, då dei skal på ei messe i byrjinga av november som er relevant for Festø sitt spørsmål.

Møte slutt kl. 14:10.

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
25.10.2017

Sunniva Utnes
Konsulent